

Kva:	Protokoll til møte nr. 05 i Skikrinsstyret 2023-2025
Tidspunkt:	Måndag 27. november 2023, kl. 17:00-21:00
Stad:	Thon Hotel Jølster, Skei
Sakliste:	<p>REFRATSAKER</p> <p>SAK 34 23-25 Godkjenning av innkalling og sakliste</p> <p>SAK 35 23-25 Godkjenning av protokoll nr. 4 23-25 Skikrinsstyret</p> <p>SAK 36 23-25 SFSK AK protokoll nr. 04 23-25</p> <p>SAK 37 23-25 SFSK LK protokoll nr. 04 23-25</p> <p>SAK 38 23-25 SFSK HKK protokoll nr. 02 23-25</p> <p>RAPPORTERINGSSAKER</p> <p>SAK 39 23-25 Rekneskapsrapport pr. 03.11.2023</p> <p>DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER</p> <p>SAK 40 23-25 Budsjett 2024</p> <p>SAK 41 23-25 Oppfølging haustmøte 2023</p> <p>SAK 42 23-25 Handlingsplan SFSK 2023-2025</p> <p>SAK 43 23-25 Fordeling post 3-midler</p> <p>SAK 44 23-25 Kandidatar til Vestland idrettskrets 2024-2026</p> <p>EVENTUELT</p>
Til stades:	Jorunn Åsfrid Røyrvik, Jon Ove Lomheim, Anders Engeland, Tor Arne Hov, Hilde Katrine Engeli, Roger Ellingsund, Tonje Norheim Tangerud, Melanie Hetkamp-Andersen (SKU), og Kennet Dvergedal (adm.)
Merknad:	Tonje Norheim Tangerud deltok digitalt og Melanie Hetkamp-Andersen deltok digitalt i SAK 34-40
Forfall:	
Referent:	Kennet Dvergedal

RAMMEPROGRAM

Program	Tidspunkt	Saker	Stad
Møte i Skikrinsstyret	Kl. 17:00-19:00	SAK 34-40	Thon Hotel Jølster
Julemiddag	Kl. 19:00-20:00		Thon Hotel Jølster
Møte i Skikrinsstyret	Kl. 20:00-21:00	SAK 41	Thon Hotel Jølster

REFERATSAKER

SAK 34 23-25	Godkjenning av innkalling og sakliste Bakgrunn Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.
---------------------	--



VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 35 23-25

Godkjenning av protokoll nr. 04 23-25 Skikrinsstyret Bakgrunn

Protokoll frå styremøte nr. 04 23-25 er sendt ut tidlegare, og godkjent elektronisk. Protokollen er også vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner protokoll nr. 04 23-25

SAK 36 23-25

SFSK AK protokoll nr. 04 23-25 Bakgrunn

Protokoll frå møte nr. 04 23-25 i alpiskomiteen er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

SAK 37 23-25

SFSK LK protokoll nr. 04 23-25 Bakgrunn

Langrennskomiteen har møte nr. 04 23-25 torsdag 23. november. Protokoll frå møte nr. 04 23-25 vert sendt ut i etterkant.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

SAK 38 23-25

SFSK HKK protokoll nr. 02 23-25 Bakgrunn

Protokoll frå møte nr. 02 23-25 i hopp- og kombinertkomiteen er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

RAPPORTERINGSSAKER

SAK 39 23-25

Rekneskapsrapport pr. 03.11.2023 Bakgrunn

Rekneskapsrapport pr. 03.11.2023 er lagt ved som eige vedlegg. Adm. presenterer rapporten i møtet.

Nøkkeltal pr. 03.11.2023:

<i>Driftsinntekter AU:</i>	<i>kr. 655 688,-</i>
<i>Driftskostnader AU:</i>	<i>kr. -1 048 682,-</i>
<i>Resultat:</i>	<i>kr. -392 994,-</i>



Eigenkapital AU pr. 31.12.2022: kr. 1 321 755,-

VEDTAK

Skikrinsstyret tek rapporten til orientering.

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 40 23-25

Budsjett 2024

Bakgrunn

Framlegg til rammer for budsjett for 2024 er lagt ved som eige vedlegg.

Administrasjonen sitt framlegg til budsjett for 2024 er negativt, med årsbudsjetterte driftsinntekter på kr. 2 821 300,- og årsbudsjetterte driftskostnader på kr. 2 921 300,-.

Rammene for inntektene er i hovudsak basert på lagskontingent (årskontingent), tilskot frå idrettskrins, tilskot frå NSF (post 3 midlar), momskompensasjon, rennavgifter, samt eigenandelar frå løparar/ føresette og klubb.

Det er elles budsjettert med post-3 midlar (Norges Skiforbund) på totalt kr. 30 000,- fordelt på rekrutteringsprosjekt, paraidrett, samt kurs og utdanningsverksemd.

Prinsippet med fordelingsnøkkel knytt til markedsinntektene, der 88% av inntektene blir ført vidare til greinkomiteane medan AU held igjen 12% til eiga drift, er lagt til grunn i framlegg til budsjett.

Fordelingsnøkkelen vart ikkje lagt til grunn i budsjett for 2023.

ARBEIDSUTVALET

Styret

I samband med aktiviteten til styret er det budsjettert med ca. kr. 97 700,- i kostnader.

Kostnadane til styret er knytt til møter, telefonmøte, reiserekningar, samt reise og overnatting i samband med sentrale møter (Skiting, Vår møte og Haustmøte 2024).

Ver merksam på at Skikrinsstyret gjennom sitt budsjett også dekkar reise og overnatting for representantar frå greinkomiteane i samband med Norges Skiforbund sine Vår- og Hausmøter (i tråd med tidlegare praksis).



Krinsting

Det skal ikkje heldast krinsting i 2024.

Drift administrasjon

Marknadsinntekter

Samla budsjetterte marknadsinntekter i 2024 er ca. kr. 837 000,- etter at meirverdiavgifta er trekt frå samarbeidsavtalane med Sparebanken Sogn og Fjordane og Sparebanken Vest.

Tilskot frå idrettskrins

Det er budsjettert med kr. 50 000,- i tilskot frå Idrettskrinsen (fylkeskommunalt tilskot), om lag same nivå som rekneskapstala for 2023 syner.

Lagskontingent

Lagskontingenten (årskontingent) er budsjettert ihht. vedtak i samband med Skikrinstinget 2023 og om lag same nivå som rekneskapstala for 2023 viser.

Momskompensasjon

Jf. tidlegare retningslinjer for utbetaling av momskompensasjon er denne tilskotsordninga budsjettert med ca. kr. 160 000,-. Dvs. ca. 6% av sum driftskostnader for organisasjonen.

Det er elles verdt å merke seg at momskompensasjonen er fordelt i høve til prosentvis andel budsjetterte driftskostnader for AU og respektive greinkomitear.

Lagbesøk

Under lagsbesøk er det budsjettert med kostnader knytt til klubb utvikling både i klubb og sone, inkludert korte kurs i klubb.

Det er vidare budsjettert med eit tilskot på kr. 20 000,- i usikre inntekter. Desse må kome frå tilskotsordningar e.l.

Det er budsjettert med at prosjektet skal balansere.

Rekrutteringsprosjekt

I rekrutteringsprosjekt er det budsjettert med eit tilskot på kr. 10 000,- (post 3 midlar).

Det er vidare budsjettert med kostnader knytt til gjennomføring av rekrutteringstiltak.

Det er budsjettert med at prosjektet skal balansere.



Utedagen

Det er ikkje søkt midlar frå Fylkeskommunen til prosjekt *Utedagen 2024*. På bakgrunn av dette er det budsjettert med usikre inntekter på dette prosjektet.

Kostnadar til prosjektet er knytt til idrettsfagleg bistand til skulane og reise og honorar for instruktør til skidagane i skulen.

Utdanning

Innanfor trenarkurs/ utdanning er det lagt opp til eit budsjett i balanse. Inntektene er relatert til vaksenopplæringstilskot, post 3 midlar og kursinntekter, medan kostnadane er relatert til honorar og reisekostnader til kurslærer, leige av lokale m.m.

Paraidrett

Innanfor området paraidrett er det budsjettert med 2 stk. ski- og snøsamlingar som blir gjennomført i lag med NAV Hjelpemiddelsentralen.

Inntektene er budsjettert frå NSF (post 3 midlar) på kr. 10 000,-, medan kostnadane er relatert til leige av skianlegg.

Det er budsjettert med at prosjektet skal balansere.

Prosjektmidlar

Det er budsjettert med usikre inntekter på dette prosjektet, då desse må komme frå tilskot e.l. Kostnadsartane er usikre, men det er lagt opp eit rammebudsjett på kr. 30 000,-.

Det er budsjettert med at prosjektet skal balansere.

Skiklubbutviklar

Kostnadar med lønn til skiklubbutviklar blir gjort ved ei deling mellom NSF og skikrins. Ihht. avtale er Skikrinsen sin del budsjettert med kostnad på ca. kr. 62 000,-.

Til prosjektet er det også budsjettert med kostnadar for leige og drift av kassebil på ca. kr. 54 000. Til denne er det budsjettert med inntekt for sal av logoplass på bilen og støtte frå NSF på om lag kr. 54 000,-.

Det er budsjettert med negativt resultat til prosjektet.

ALPINKOMITEEN

Administrasjonen sitt framlegg til budsjett for alpinkomiteen 2024 går i underskot, med årsbudsjetterte



driftsinntekter på kr. 560 460,- og
årsbudsjetterte driftskostnader på kr. 660 460,-.

Drift komité

Det er budsjettert med kr 322 960,- i overføring av markedsinntekter jf. samarbeidsavtalane med Fjord1 og Sparebanken Vest.

Momskompensasjon er budsjettert til ca. kr. 30 000,-

Det er også lagt inn kr. 15 000,- i lisensar/ rennavgifter. Dette er litt under budsjett for 2023 viser.

Det er budsjettert med kostnader på kr. 30 000,- til kursaktivitet.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. 328 400,-.

NM

Ifbm. NM er det budsjettert med at ein dekkjer startkontingent for aktuelle utøvarar – budsjettert kostnad kr. 12 800.

Årsbudsjett resultat på dette prosjektet er kr. -12 800,-.

Jr. NM

Ifbm. Jr. NM er det budsjettert med at ein dekkjer startkontingent for aktuelle utøvarar – budsjettert kostnad er kr. 9 600,-.

Årsbudsjett resultat på dette prosjektet er kr. -9 600,-.

HL

Ifbm. Hovudlandsrennet og Landsfinalen er det budsjettert med honorar, reise og overnatting til hovudleiar i tillegg til startkontingent for utøvarane. Det er også budsjettert med forskottering av overnattingskostnader samt refusjon av desse (inntekter).

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. -61 000,-.

Cup

Ifbm. Fjord1 rekrutteringstiltak er det budsjettert med kr. 15 000,- i kjøp av premiar.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. -15 000,-.



FIS-renn

Til FIS-renna i alpint er det budsjettert at krinsen dekkar startkontingent på 5 FIS-renn for kvar utøvar. I tillegg er det budsjettert med ei støtteordning til FIS-løparane i Skikrinsen.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. -64 500,-.

Samlingar/ krinslag

Samlingane er budsjettert i høve alpinkingomiteen sitt sportslege opplegg i 2024.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. - 258 500,-.

Alpinkomiteen

Til møteverksemd i alpinkomiteen er det sett av kr. 7 000,-.

HOPP- OG KOMBINERTKOMITEEN

Hopp- og kombinertkomiteen sitt budsjett balanserar med kr. 42 300,- i driftsinntekter og kr. 42 300,- i driftskostnader.

Drift komité

Det er budsjettert med kr. 40 000,- i overføring av marknadsinntekter jf. samarbeidsavtalen med SFE.

Det er budsjettert med kr. 5 000,- i kostnad for forsikringspremie på tilhengar med «SFE rekrutteringsbakken».

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. 33 500,-.

NM

Ib. NM er det budsjettert med kostnader på til saman kr. 4 000,-.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. -4 000,-.

Jr. NM

Ib. jr. NM er det budsjettert med kostnader på til saman kr. 4 000,-.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. -4 000,-.

HL

Ib. Hovudlandsrennet er det ikkje budsjettert med kostnader i 2024.



Cup

I samband med SFEhopp cup er det budsjettert med kr. med kjøp av premiar.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. -2 000,-.

Hopp- og Kombinertkomiteen

Til møteverksemd i komiteen er det satt av kr. 3 500,-.

Rekrutteringsprosjekt i hopp – «Fannemel-effekten»

Det er budsjettert med rekrutteringsprosjekt i hopp.

Det er ikkje budsjettert med inntekter.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. -20 000,-.

LANGRENNSKOMITEEN

Administrasjonen sitt framlegg til budsjett for langrennskomiteen 2024 balanserer, med årsbudsjetterte driftsinntekter på kr. 1 552 000,- og årsbudsjetterte driftskostnadar på kr. 1 552 000,-.

Drift komité

Det er budsjettert med kr 392 000,- i overføring av markedsinntekter jf. samarbeidsavtalane med Sparebanken Sogn og Fjordane og SFE.

Vidare er det budsjettert med kr 30 000,- i lisensar/ rennavgifter, nedjustert frå kr. 50 000,- frå budsjett 2023.

Det er budsjettert med kostnadar til krinsstøtte per løpar som deltek på regionlaga Team Elon Vest og Team SørVest.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. 458 500,-.

Sommarskiskule og Langrennskurs (sommarski)

Rekneskap for desse prosjekta vart frå 2019 overført LK (tidlegare har LK fått overført eit evt. overskot).

Det er budsjettert med at prosjekta totaltsett skal balansere.

Inntektene for sommarskiskulen er relatert til deltakaravgifter, medan kostnadane er relatert til honorar og reisekostnader til trenarar, kost og losji m.m.



Inntektene for trenarkursa er relatert til kursinntekter og vidarefakturering, medan kostnadane er relatert til honorar og reisekostnader til kurslærer, kost og losji m.m.

NM, jr. NM og HL

Ifbm. NM, jr. NM og Hovudlandsrennet er det budsjettert at ein dekkjer reise- og opphald for støtteapparat og kostnader med smørebod. Det er i tillegg budsjettert med ein andel refusjonar i samband med desse arrangementa. Det er også budsjettert med eit honorar for hovudleiar.

Årsbudsjettert resultat på desse prosjekta er samla kr -121 000.

Cup/ SSF Cup

Ifbm. SSF Cupen er det m.a. budsjettert med kr 60 000,- i kjøp av premiar, i tillegg til noko diverse kostnader.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. - 65 000,-.

FIS-renn

I samband med renna i Norgescupen er det budsjettert at komiteen dekkjer reise, opphald og honorar for 1 hovudleiar på NC jr. I tillegg overnatting for 3 i støtteapparat (kvart arrangement) på NC jr.

På NC sr. er det budsjettert ein mindre andel, då det er gjort avtale med andre kretsar om at aktuelle løparar får ta del i deira fellesopplegg.

Det er også budsjettert med ein andel refusjonar i samband med desse arrangementa.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. - 115 000,-.

Krinslag

På krinslaget er det budsjettert med kr. 300 000,- i årskontingent (krinslagskontingent), noko under budsjett for 2023.

Vidare er m.a. budsjettert med kr. 130 000,- til krinslagsbekledning og kr. 175 000,- til overnatting.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. - 150 000,-.



Langrennskomiteen

Til møteverksemd i langrennskomiteen er det sett av kr. 7 500,-.

VEDTAK

Skikrinsstyret vedtek rammer for budsjett for 2024, med følgjande merknadar:

- Til prosjekt Utedagen 2024 er det budsjettert med usikre inntekter og skikrinsstyret ønskjer difor å ta ut inntekter og kostnadar frå budsjettet i 2024.

SAK 41 23-25

Oppfølging haustmøte 2023

Bakgrunn

I sak 32 23-25 gjorde skikrinsstyret følgjande vedtak:

«Skikrinsstyret gjer vedtak om følgjande:

- a) Greinkomiteane følgjer opp klubbbesøk i si grein. Vidare legg adm. til rette for felles samhandlingsmøte med representant frå komitéane og SKU. Det er også ønskje om at SKU tek initiativ til fleire barmarksamlingar på tvers.*
- b) Skikrinsstyret ønskjer innspel frå greinkomiteane til kva ein kan bruke gåvemidlane på.*
- c) Adm. og SKU lagar ei oppsummering av innspel og knyttar innspela til handlingsplanen. Dette blir presentert i neste møte i skikrinsstyret.»*

Alpinkomiteen gjer vedtak om:

- a) SKU prioriterar oppfølging av klubbar i region Nordfjord, spesielt Breimsbygda alpint.
- b) Spelar inn gode tiltak til adm. ved høve.

Innspel frå hopp- og kombinertkomiteen:

- a) Hopp og kombinertkomiteen har drøfta utkast til aktivitetsplan med kontaktpersonar i møtet. Jon Ove følgjer opp aktivitetsplanen og gjer nødvendige avklaringar:
- b) HKK ønskjer innkjøp av fleire rekrutteringshoppski for utlån i klubbane.

Langrennskomiteen gjer vedtak om følgjande:

- a) SKU prioritera å følgje opp klubbar i regionen Sogn (eksempel Syril IL, IL Bjørn og ÅTIL/Jotun IL), i tillegg til å følgje opp EID IL.
- b) Innspel frå langrennskomiteen er utstyr som kjem klubbane til gode:
 - Skikrinsen gjer innkjøp av utstyr som klubbane kan låne (ski, rulleski, hoppski, orgeltramp, hopp)



- Skikrinsen kjøper inn utstyrspakkar til bruk i rekrutteringsarrangement (eks. Skisprell). Når arrangementet er gjennomført vert utstyrspakken gjeven til arrangørklubb.
- Utstyr som skiklubb utviklar kan ta med rundt i klubbar

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om følgjande:

- a) Opprettar eit utval som jobbar me langvarig klubboppfølging. Rekrutteringsutvalet består av SKU, adm., og 1 representant frå kvar grein.
- b) Utfordrar rekrutteringsutvalet til å kome med innspel til disponering av gåvemidlane.
- c) Nye tiltak vert lagt til neste gong styret handsamar handlingsplanen.

SAK 42 23-25

Handlingsplan SFSK 2023-2025

Bakgrunn

Sogn og Fjordane Skikrins sin handlingsplan for perioden 2023-2025 er vedlagt.

I samband med møtet skal styret handsame handlingsplanen, drøfte skikrinsen sine tiltak, og avklare vidare ansvarsfordeling.

VEDTAK

Tek saka opp igjen i neste styremøte.

SAK 43 23-25

Fordeling post 3-midlar

Bakgrunn

Saka blir presentert i møtet.

VEDTAK

Tek saka opp igjen i neste styremøte.

SAK 44 23-25

Kandidatar til Vestland idrettskrets 2024-2026

Bakgrunn

I høve Vestland Idrettskrets sitt kretsting i 2024 har Skikrinsen fått følgjande forespørsel:

«Til idrettslag, idrettsråd og særkretsar/regionar, Vestland idrettskrets held sitt Idrettskretsting laurdag 13. april 2024. Valnemnda i Vestland idrettskrets treng framlegg til kandidatar til styret i Vestland idrettskrets for perioden 2024 til 2026.

Valnemnda ber om framlegg til kandidatar innan 14.januar 2024.



Personar som blir føreslått til valnemnda må ha sagt seg villig før dei blir føreslått.»

VEDTAK

Tek saka opp igjen i neste styremøte.

EVENTUELT

Neste møte i Skikrinsstyret: Måndag 4. desember kl. 21:00-22:00 (digitalt)

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Jorunn Åsfrid Røyrvik (s)
Leiar

Kennet Dvergedal (s)
Adm. sjef